



Årsmøte 2022

Onsdag 2. mars 2022 kl. 18.00
Voss kulturhus
Møterom 111

- Sak 1/22 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- Sak 2/ 22 Godkjenning av innkalling, saksliste og dagsorden
- Sak 3/22 Val av møteleiar, referent og to protokollunderskrivarar
- Sak 4/22 Årsmelding 2021
- Sak 5/22 Revidert rekneskap
- Sak 6/22 Handlingsplan
- Sak 7/22 Budsjett
- Sak 8/21 Innkomne saker
- Sak 9/21 Val



Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss herad, vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturlivet i heradet.

Årsmelding 2021

Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

Styreleiar	Valborg Kløve-Graue
Styremedlem	Olav Seim Peder Ringdal Anne Arneberg Laila Rynning Veum
Varafolk	Kåre Lie Ragnhild Blikberg
Valkomité	Bridget Penny Øystein Dahl Kari Bye
Revisor	Margunn Blikberg Nordgård

Voss kulturråd har per i dag 46 medlemslag og -organisasjonar.

Kulturrådet sitt arbeid i 2021

Styret har i meldingsåret hatt seks ordinære møte. Eitt av desse var lagt til Voss Folkemusèum, med omvising i den nye utstillinga ved styrrar Eirik Helleve.

Medlemsmøte

med Trude Letnes om kulturhusprisar og ny kulturtilskotsordning.

Orientering for Utval for kultur og næring

Valborg Kløve-Graue, Laila Rynning Veum og Anne Arneberg møtte i Utval for kultur og næring og orienterte om kulturrådet og kulturkalenderen.

Voss kulturkalender vart lansert på Voss kulturråd sitt årsmøte i 2018, og fungerer godt både som planleggingsverktøy og arrangementsoversikt.

Kulturkalenderredaksjonen har i 2021 bestått av systemutviklar Terje Nesthus, Thor Morten Trå (Voss herad), Ida Dyrkorn Heierland (Osafestivalen og Ole Bull Akademiet) og Anne Arneberg (Voss kulturråd).

Gamlekinoen

Valborg Kløve-Graue og Peder Ringdal er Voss kulturråd sine representantar i arbeidsgruppa for oppussing av Gamlekinoen. Gruppa har hatt eitt møte dette meldingsåret. Peder Ringdal møtte for Fossegrimen og Voss kulturråd.

Registrering, ivaretaking og plassering av monument og annan kunst i Voss herad og Kunst i offentlege rom

Laila Rynning Veum, representant frå Stiftinga Bergsliminne i Voss kulturråd, registrerte all kommunal kunst i Voss herad i 2018-2019. Noko etterarbeid står att, og Veum har i regi av Voss kulturråd sagt seg villig til å få ordninga med vidare registrering i system. Saker om plassering av kunst og utsmykking av offentlege bygg har ved fleire høve vorte tatt opp til diskusjon på eit prinsipielt grunnlag.

Utforming av Bergsliparken

Valborg Kløve-Graue representerte Voss kulturråd på innspelsmøte i gamlekinoen med 3 arkitektgrupper om utforming av Bergsliparken.

Kulturmiljøplanen

Valborg Kløve-Graue er Voss kulturråd sin representant i ressursgruppa for kulturmiljøplanen.

Møte med Askøy og Øygarden Amatørkulturråd

om samarbeid på tvers av lokallaga i Vestland fylke for å verta meir synlege og slagkraftige t.d. ved søknad om midlar til større arrangement.

IC Dahl-utstillinga på Stalheim

I samband med Nasjonalmuseet si satsing Norge rundt med nasjonalmuseet, Kunsten kommer hjem, var Voss kulturråd medarrangør i planlegging, tilrettelegging og

gjennomføring av det vellukka i eit kultur- og kunsthistorisk arrangementet rundt IC Dahl sitt maleri *Fra Stalheim*, på Stalheim hotell 26.juni.

Ridande Vossabrudlaup

Det vart nye rundar med engasjert møteverksemd og avisdebatt omkring ivaretaking og plasseringa av monumentet Ridande Vossabrudlaup, også frå VK si side. VK og Bergslistiftinga tok initiativ til å hyra inn arkitekt Knut Myklebust for å utforma ulike utkast til plassering. Det vart gjort endeleg politisk vedtak om plasseringa av Ridande Vossabrudlaup ved promenadevegen v prestegarden. Dette ser styret i Voss kulturråd på som ei god løysing.

Elles

Voss kulturråd har gitt sine årlege tilrådingar i tildeling av kommunale kulturmidlar, til kulturstipend (mai) og kulturpris (desember).

Kulturstipendet 2021 gjekk til Vemund Styve

Kulturprisen 2021 gjekk til Berit Opheim.